



INNKALLING TIL ÅRSMØTE I NGIR

Det vert årsmøte i NGIR **måndag 27. mai 2019 kl. 11.30** i Kjevikdalen.

Sakliste:

- Sak 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 02/19 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
- Sak 03/19 Meldingar
 - a) Diverse munnleg orientering
 - b) Avfallsmengder 2018
- Sak 04/19 Årsrekneskap 2018
- Sak 05/19 Årsmelding 2018
- Sak 06/19 Honorar til revisor for 2018
- Sak 07/19 Godtgjersle til styre og representantskap
- Sak 08/19 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
- Sak 09/19 Val av leiar og nestleiar i styret

Møtet startar med mat.

Sakene vert sendt på e-post 14 dagar før møtet.

Me har tidlegare opplevd at NGIR sitt representantskap ikkje har vore vedtaksført som fylgje av stort forfall utan varsel / varsel med særskilt kort frist. Me oppfordrar difor alle til å melde frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til post@ngir.no.

Kjevikdalen, 13.05.19

Liv-Anne Aanesen
- Leiar i representantskapet -

Bjørn Berg
- Dagleg leiar -

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27.05.19

Sak nr: 03b/19

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Avfallsmengder 2018


HUSHALD

Tabellen nedanfor viser mengde avfall fordelt på


Fraksjon	2015	%-vis endring	2016	%-vis endring	2017	%-vis endring	2018
Restavfall hytter	1805	7,3 %	1937	-18,5 %	1578	-0,7 %	1567
Restavfall dunkar	3219	-5,9 %	3029	12,1 %	3396	-4,0 %	3261
Restavfall gjenvinningsstasjon	4093	-8,8 %	3735	9,3 %	4083	-4,4 %	3902
Sum restavfall	9117	-4,6 %	8701	4,1 %	9056	-3,6 %	8730
Papir	1270	-9,3 %	1151	-11,8 %	1015	-8,4 %	929
Papp	521	1,7 %	530	-3,7 %	510	0,6 %	514
Plast	365	-0,9 %	361	1,8 %	368	-4,3 %	352
Drikkekartong	142	20,6 %	171	-8,8 %	156	-3,4 %	151
Våtorganisk i biodunk	1312	-1,2 %	1297	19,7 %	1552	-2,9 %	1506
Heimekompostering	518	-1,2 %	512	10,9 %	568	-6,3 %	532
Trevyrke	3090	-1,5 %	3044	15,4 %	3514	-5,7 %	3314
Hageavfall	748	8,2 %	809	8,4 %	877	-1,7 %	862
Metall	1057	-0,2 %	1055	13,8 %	1200	2,5 %	1231
Glass & metallemballasje	401	-14,0 %	345	13,3 %	391	15,5 %	452
EE-avfall	459	8,9 %	500	-3,1 %	485	38,2 %	670
Klede til gjenvinning	0		20	351,3 %	88	40,4 %	124
Sum til gjenvinning	9883	-0,9 %	9795	9,5 %	10724	-0,8 %	10637
Trykkimpregnert	449	0,5 %	451	19,4 %	538	-3,4 %	520
Farleg avfall	160	58,5 %	253	-18,9 %	205	32,1 %	271
PCB og klorparafin vindaug	82	-37,8 %	51	29,4 %	66	-56,1 %	29
Avfall til deponi	460	10,6 %	509	3,7 %	527	19,8 %	632
Sum avfall	20151	-2,3 %	19760	6,9 %	21116	-1,4 %	20819

Mengd avfall frå hushald har gått ned med 1,4% i høve til 2017. Restavfall er redusert med 3,6 % og avfall til gjenvinning med 0,8%. Klede til gjenvinning har auka med 40 % i høve til 2017 og over 500 % i høve til 2016. Dette skuldast at det vart starta med innsamling av klede i sekk i andre halvår 2016. Elles har EE-avfall og glas & metallemballasje auka noko, medan for dei fleste andre fraksjonar ser ein ein liten nedgang. Mengd gjenvinnbart avfall utgjer 51%.


Oversikt over alle fraksjonar samla inn eller levert til gjenvinningsstasjonane i 2018




Total mengd avfall for åra 2015 - 2018




Fordeling av restavfall



Gjenvinnbart avfall fordelt på dei ulike fraksjonane



Utvikling for andre fraksjonar frå 2015 - 2018




NÆRING

Fraksjon	2015	%-vis endring	2016	%-vis endring	2017	%-vis endring	2018
Blanda avfall	2293	38,2 %	3168	3,2 %	3270	9,2 %	3572
Komprimert rest direkte	811	5,8 %	858	-71,6 %	244	18,5 %	289
Restavfall komprimatorbil	2416	3,6 %	2503	4,0 %	2602	-8,0 %	2394
Restavfall / Blanda avfall	5520	18,3 %	6529	-6,3 %	6116	2,3 %	6254
Våtorganisk	606	-11,4 %	537	-27,9 %	387	-14,1 %	333
Papir/papp/plast	940	-9,6 %	850	8,4 %	921	-3,6 %	888
Skrapjern/metall	757	-8,1 %	696	-21,4 %	547	-8,5 %	500
Reint trevyrke	1038	55,3 %	1612	-7,0 %	1499	10,1 %	1651
Hageavfall	42	-37,2 %	27	4,7 %	28	12,3 %	31
Glass/-og metallemballasje	22	86,2 %	41	-53,8 %	19	-45,7 %	10
EE-avfall	225	98,1 %	446	-77,0 %	103	-18,9 %	83
Avfall til gjenvinning	3631	15,9 %	4210	-16,8 %	3504	-0,2 %	3496
Trykkimpregnert	95	24,3 %	118	26,1 %	149	83,9 %	274
PCB og klorparafin vindauge	9	11,1 %	10	-40,0 %	6	83,3 %	11
Farleg avfall	141	71,7 %	242	-20,8 %	192	-30,8 %	133
Avfall til deponi	29756	-8,5 %	27221	-34,7 %	17766	30,9 %	23255
Sum avfall	39152	-2,5 %	38330	-27,6 %	27733	20,5 %	33424


Totalt har mengda næringsavfall gått opp med i overkant av 5 000 tonn i høve til 2017. Samanlikna med 2016 er det ein nedgang på ca 5000 tonn. Mengd restavfall har auka litt sett i høve til 2017.

Mengd gjenvinnbart avfall er på same nivå som i 2017, men viser ein nedgang på 17% sett i høve til 2016. EE-avfall, glas- og metallemballasje, våtorganisk og metall har størst %-vis nedgang.


Avfallsmengder Næring 2018



Fordeling av restavfall frå næring for 2018



Figuren nedanfor viser fordeling av næringsavfall for 2018 bortsett frå restavfall og avfall til deponi.





REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27.05.19

Sak nr: 04/19

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Rekneskap 2018

Vedlegg

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2018

Rekneskap totalt og for kvar avdeling 2018

Saksutgreiing

Rekneskapen for 2018 er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 19 875 419. Resultat etter skatt er kr 18 037 797.

Driftsinntektene var 128,8 millionar kroner, noko som er ein auke på 26,6 % frå 2017.

Driftskostnadene utgjorde 109,2 millionar kroner, ein auke på 10,7 % frå 2017.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 128,8 millionar kroner, noko som er 20,2 millionar (18,6 %) meir enn budsjettert.

Inntektene frå hushald var kr 10 040 000 (15,3 %) høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak vist ved sal av gjenvinningsstasjonstomta NGIR hadde i Knarvik. I tillegg fekk NGIR litt fleire kundar og høgare pris på skrapjern og papir enn budsjettert.

Inntektene frå næring var kr 9 359 000 (28,0 %) høgare enn budsjettert. I hovudsak skuldast dette større mengder til deponi enn budsjettert. I tillegg fekk NGIR refundert alle kostnader til strandrydding og starta opp med mottak av båtvrak med tilskot frå Miljødirektoratet.

Inntektene frå slam var kr 25 000 (0,3 %) lågare enn budsjettert.

Inntektene frå bilvrak hadde eit positivt avvik på kr 841 000 (45,7 %). Avviket skuldast høgare pris på skrapjern enn budsjettert og driftstilskot for mottak av motorsyklar, campingvogner m.m.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 109,2 millionar kroner. Dette er 526 000 (0,8 %) lågare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 1 825 000 (2,8 %) lågare enn rekna med. Dette skuldast i hovudsak utsette investeringar og lågare personalkostnader enn budsjettert.

Driftskostnadene for næring var kr 713 000 (2,1 %) høgare enn budsjettert. Hovudårsaka var stor auke i sal av stein og dermed tilhøyrande kostnader til steinknusing. Kostnadene for slam var kr 88 000 (1,1 %) lågare enn budsjettert. Kostnadene for bilvrak var kr 675 000 (38,1 %) høgare enn budsjettert hovudsakleg grunna auka aktivitet i samband med innføring av vrakpant på campingvogner, motorsyklar m.m.

Finanspostar

Netto finanskostnader har eit positivt avvik på kr 117 000 på grunn av utsette investeringar.

Resultat 2018

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2018	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 12 719 376	kr 785 000	kr 11 934 376
Verksemd	kr 5 714 807	-kr 1 188 000	kr 6 902 807
Slam	-kr 581 345	-kr 645 000	kr 63 656
Bilvrak	kr 184 959	kr 66 000	kr 118 959
Totalt	kr 18 037 797	-kr 982 001	kr 19 019 798

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2018 utgjer den 2,37 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2018 investert i varige driftsmidlar for 15,8 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.18 er kr 39 237 000, ein reduksjon på kr 3 178 000 frå 2017. Eigenkapitalprosenten er 63,5 %, ein auke frå 57 % i 2017.

Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 581 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 215 000. NGIR hadde per 31.12.18 ei langsiktig lånegjeld på kr 21 862 500.

Rekneskapen gir eit rettvise bilete av eigarar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ikkje bokført forsknings- eller utviklingsaktivitetar i 2018.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 1 022 646) vert føreslege overført frå eigenkapital til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetjing til utjamningsfond hushald	11 702 905	13 094 792
Bruk av utjamningsfond slam	-507 372	3 423 730
Avsetning til etterdriftsfond	1 022 646	16 935 972
Avsetning til eigenkapital	5 819 618	52 493 729
Sum disponering	18 037 797	

Handsaming i styremøte 06.05.19:

Styret ser at det i åra framover vil verta auka trong for investeringar i miljøtiltak og vil difor setja av øyremerka midlar til dette.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetjing til utjamningsfond hushald	11 702 905	13 094 792
Bruk av utjamningsfond slam	-507 372	3 423 730
Avsetjing til etterdriftsfond	1 022 646	16 935 972
Avsetjing til miljøfond	5 000 000	14 500 000
Avsetjing til eigenkapital	819 618	49 493 729
Sum disponering	18 037 797	

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2018

Hushald (Resultat +kr 12 719 000, avvik +kr 11 934 000)

Driftsinntekter: +kr 10 040 000, avvik +15,3 %

Abonnement/gebyr: Litt fleire kundar enn budsjettert.

Salsinntekter varer ut: Mengda av og prisen på skrapjern har vore høgare enn budsjettert. Prisen på papir har også vore høgare enn budsjettert.

Leigeinntekter: NGIR får leigeinntekter frå Telenor for utstyr dei har i Kjevikdalen + for utleige av tomta til tidlegare gjenvinningsstasjon i Knarvik.

Andre driftsinntekter: Avviket skuldast hovudsakleg vinst ved sal av tomta til gjenvinningsstasjonen som låg i Knarvik. I tillegg har NGIR seld 2 lastebilar med vinst i forhold til bokført verdi.

Driftskostnader: -kr 1 825 000, avvik -2,8 %

Vareforbruk: Det er brukt færre posar og sekkar enn budsjettert.

Handsaming av avfall: Kostnaden til handsaming av treverk har vore lågare enn budsjettert, medan transportkostnaden for det same treverket har auka.

Transport inn: Kostnaden til innleige i samband med vår- og haustrydding har vore noko større enn budsjettert.

Personalkostnader: NGIR har hatt lågare personalkostnader enn budsjettert, hovudsakleg i samband med innsamling av avfall.

Avskrivningar: Investeringar er utsett.

Transport ut: Transportkostnader for treverk ut har auka.

Energi til produksjon: Om lag som budsjettert.

Kostnad lokale: Om lag som budsjettert.

Leige maskiner, inventar o.l.: NGIR har hatt lite innleige av maskiner i 2018.

Verkty, inventar, materiell: Det er brukt meir pengar på vedlikehald av portar, vintervedlikehald og rekvisita/materiell.

Reparasjon og vedlikehald: Om lag som budsjettert.

Eksterne tenester: Det er nytta ein del konsulent i samband med utarbeiding av anbod og benchmarking. Kostnader til resipientundersøkinga var ikkje budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til trykksaker enn budsjettert.

Telefon, porto o.l.: Om lag som budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Vedlikehaldskostnadene på renovasjonsbilane har vore høgare enn budsjettert.

Reiser og diett: Endringar på rutekøyring har gjeve lågare ferjekostnad enn budsjettert.

Sals- og reklamekostnad: Det er brukt mindre pengar på annonsering enn budsjettert.

Kontingent og gåve: Kostnader til kontingentar har vore større enn budsjettert.

Forsikring, garantikostnad: Kostnad til forsikring har auka.

Andre driftskostnader: Fleire brukar e-faktura og avtalegiro. Dette aukar bankgebyra, men reduserer kostnader til porto.

Tap o.l.: Det var ikkje budsjettert med tap.

Finansinntekter og finanskostnader: Renteinntektene har vore høgare enn budsjettert hovudsakleg grunna utsette investeringar. Renta på lån har auka noko.

Verksemd (Resultat +kr 7 497 000 (før skatt), avvik +kr 8 685 000)

Driftsinntekter: +kr 9 359 000, avvik +28,0 %

Salsinntekter varer inn: Det er levert større mengder avfall til deponi enn budsjettert.

Salsinntekter varer ut: Prisen på skrapjern har vore høgare enn budsjettert. Det er selt mykje meir stein enn budsjettert.

Leigeinntekter: Inntektene frå utleige av konteinrarar er høgare enn budsjettert.

Andre driftsinntekter: NGIR har fått driftstilskot for mottak av båtvrak og fått refundert alle kostnader til strandrydding.

Driftskostnader: +kr 713 000, avvik +2,1 %

Vareforbruk: NGIR har kjøpt ein del skrap for vidareasal.

Handsaming av avfall: Kostnaden til handsaming av treverk har vore lågare enn budsjettert, medan transportkostnaden for det same treverket har auka.

Steinuttak: Kostnadene har vore høgare enn budsjettert grunna stor auke i sal av stein.

Transport inn: Tal turar med konteinarbil fakturert gjennom NGIR har auka.

Personalkostnader: NGIR hadde budsjettert med auka bemanning, men noko av det er utsatt. Det er gjort endringar i kostnadsfordelinga mellom avdelingane i tråd med endra ressursbruk.

Avskrivningar: Investeringar er utsett.

Transport ut: Transportkostnader for treverk ut har auka. I tillegg har kostanden til transport av restavfall ut auka grunna større avfallsmengder frå næring.

Energi til produksjon: Om lag som budsjettert.

Kostnad lokale: Om lag som budsjettert.

Leige maskiner, inventar o.l.: NGIR har hatt lite innleige av maskiner i 2018.

Verkty, inventar, materiell: Det er brukt litt meir på rekvisita og materiell enn budsjettert.

Reparasjon og vedlikehald: Det er brukt litt mindre enn budsjettert på vedlikehald av konteinrarar og bygningar.

Eksterne tenester: Det er nytta ein del konsulent i samband med utarbeiding av anbod og benchmarking. Kostnader til resipientundersøkinga var ikkje budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol: Det er nytta mindre pengar til kurs enn budsjettert.

Telefon, porto o.l.: Om lag som budsjettert.

Kostnad transportmidlar: Vedlikehaldskostnadene på renovasjonsbilane har vore høgare enn budsjettert.

Reiser og diett: Endringar på rutekøyring har gjeve lågare ferjekostnad enn budsjettert.

Sals- og reklamekostnad: Det var budsjettert med å dekkja ein del strandrydding og finansiera det frå næring, men NGIR har fått dekkja desse kostnadene frå myndighetene.

Kontingent og gåve: Kostnader til kontingentar har vore større enn budsjettert.

Forsikring, garantikostnad: Det er kome inn meir avfall til deponi enn budsjettert og avsetninga til etterdriftsfond er tilsvarende høgare enn budsjett.

Andre driftskostnader: Det er brukt meir pengar på inkassobyrå.

Tap o.l.: Litt lågare enn budsjettert.

Finansinntekter og finanskostnader: Renteinntektene har vore høgare enn budsjettert hovudsakleg grunna utsette investeringar. Renta på lån har auka noko.

Slam (Resultat -kr 581 000, avvik +kr 64 000)

Driftsinntekter: -kr 25 000, avvik -0,3 %

Om lag som budsjettert.

Driftskostnader: -kr 88 000, avvik -1,1 %

Kostnaden til transport er over budsjettert, medan personalkostnader og konsulentkostnader er lågare enn budsjettert.

Bilvrak (Resultat +kr 255 000 (før skatt), avvik +kr 189 000)

Driftsinntekter: +kr 841 000, avvik +45,7 %

NGIR tok i mot 1093 bilvrak i 2018 mot 1297 i 2017. Prisen på skrapjern har vore høgare enn budsjettert. I tillegg fekk NGIR tilskot for mottak av campingvogner, motorsyklar m.m. Hjullastaren nytta til bilvrak vart selt med vinst.

Driftskostnader: +kr 675 000, avvik +38,1 %

Grunna nye oppgåver med campingvogner, motorsyklar m.m. har det vorte brukt meir mannskapsressursar enn budsjettert. Grunna auka arbeidsmengde har ein større del av andre kostnader (dei som vert knytt til mannskap- og maskintimar) også vorte belasta rekneskapen for bilvrak.

Totalt

Rekneskap 2018

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Abonnement/gebyr	kr 70 059 638	kr 68 985 000	kr 1 074 638	1,6 %	kr 59 046 625
Salsinntekt varer inn	kr 29 648 641	kr 24 872 000	kr 4 776 641	19,2 %	kr 23 048 401
Salsinntekt varer ut	kr 15 425 653	kr 11 964 000	kr 3 461 653	28,9 %	kr 13 323 075
Leigeinntekter	kr 2 897 093	kr 2 446 000	kr 451 093	18,4 %	kr 2 790 508
Andre driftsinntekter	kr 10 742 708	kr 292 000	kr 10 450 708	3579,0 %	kr 3 506 306
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 128 773 733	kr 108 559 000	kr 20 214 733	18,6 %	kr 101 714 916
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 994 277	kr 1 986 000	kr 8 277	0,4 %	kr 1 599 400
Handsaming av avfall	kr 12 809 880	kr 13 962 000	-kr 1 152 121	-8,3 %	kr 14 014 903
Steinuttak	kr 3 950 105	kr 2 458 000	kr 1 492 105	60,7 %	kr 2 125 236
Transport inn	kr 11 652 236	kr 9 531 000	kr 2 121 236	22,3 %	kr 16 826 687
Personalkostnader	kr 39 328 938	kr 41 671 000	-kr 2 342 062	-5,6 %	kr 31 534 910
Avskrivningar	kr 10 802 882	kr 12 356 000	-kr 1 553 118	-12,6 %	kr 10 244 549
Transport ut	kr 6 907 611	kr 6 210 000	kr 697 611	11,2 %	kr 6 545 654
Energi til produksjon	kr 1 321 689	kr 1 266 000	kr 55 689	4,4 %	kr 1 259 645
Kostnad lokale	kr 1 214 032	kr 1 196 000	kr 18 032	1,5 %	kr 839 894
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 35 857	kr 118 000	-kr 82 143	-69,6 %	kr 30 947
Verkty, inventar og materiell	kr 2 403 723	kr 1 954 000	kr 449 723	23,0 %	kr 1 745 125
Reparasjon og vedlikehald	kr 4 283 838	kr 4 461 000	-kr 177 162	-4,0 %	kr 4 495 895
Eksterne tenester	kr 1 026 053	kr 849 000	kr 177 053	20,9 %	kr 614 799
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 526 421	kr 774 000	-kr 247 579	-32,0 %	kr 478 079
Telefon, porto o.l.	kr 497 239	kr 487 000	kr 10 239	2,1 %	kr 425 074
Kostnad transportmidler	kr 7 746 870	kr 7 290 000	kr 456 870	6,3 %	kr 3 510 664
Reiser og diett	kr 620 608	kr 816 000	-kr 195 392	-23,9 %	kr 302 452
Sals og reklamekostnad	kr 625 484	kr 1 108 000	-kr 482 516	-43,5 %	kr 766 722
Kontingent og g�ve	kr 392 406	kr 325 000	kr 67 406	20,7 %	kr 324 931
Forsikring, garantikostnad	kr 828 911	kr 690 000	kr 138 911	20,1 %	kr 689 719
Andre driftskostnader	kr 210 816	kr 145 000	kr 65 816	45,4 %	kr 184 841
Tap o.l.	kr 47 046	kr 100 000	-kr 52 954	-53,0 %	kr 94 858
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 109 226 920	kr 109 753 000	-kr 526 080	-0,5 %	kr 98 654 984
DRIFTSRESULTAT	kr 19 546 812	-kr 1 194 000	kr 20 740 812		kr 3 059 931
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 694 685	kr 544 000	kr 150 685	27,7 %	kr 789 840
Finanskostnader	kr 366 078	kr 332 000	kr 34 078	10,3 %	kr 418 295
NETTO FINANSPOSTAR	kr 328 607	kr 212 000	kr 116 607	55,0 %	kr 371 545
RES F�R SKATT	kr 19 875 419	-kr 982 000	kr 20 857 419		kr 3 431 477
Skattekostnad	kr 1 837 622	kr 0	kr 1 837 622		kr 352 928
RESULTAT ETTER SKATT	kr 18 037 797	-kr 982 000	kr 19 019 797		kr 3 078 549

Hushald

Rekneskap 2018

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Abonnement/gebyr	kr 62 364 393	kr 61 265 000	kr 1 099 393	1,8 %	kr 51 521 881
Salsinntekt varer inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer ut	kr 5 293 106	kr 4 087 603	kr 1 205 504	29,5 %	kr 5 100 031
Leigeinntekter	kr 48 004	kr 8 310	kr 39 694	477,6 %	kr 91 204
Andre driftsinntekter	kr 7 958 958	kr 263 900	kr 7 695 058	2915,9 %	kr 2 121 377
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 75 664 461	kr 65 624 813	kr 10 039 648	15,3 %	kr 58 834 493
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 1 344 807	kr 1 515 034	-kr 170 227	-11,2 %	kr 848 358
Handsaming av avfall	kr 7 344 322	kr 8 076 676	-kr 732 354	-9,1 %	kr 8 242 092
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 2 382 177	kr 1 552 000	kr 830 177	53,5 %	kr 7 518 218
Personalkostnader	kr 25 906 688	kr 27 255 545	-kr 1 348 857	-4,9 %	kr 19 314 715
Avskrivningar	kr 7 080 096	kr 7 883 050	-kr 802 954	-10,2 %	kr 6 640 077
Transport ut	kr 4 368 277	kr 4 150 386	kr 217 891	5,2 %	kr 4 287 781
Energi til produksjon	kr 632 888	kr 639 830	-kr 6 942	-1,1 %	kr 633 567
Kostnad lokale	kr 859 191	kr 859 890	-kr 699	-0,1 %	kr 548 860
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 20 437	kr 56 971	-kr 36 534	-64,1 %	kr 17 551
Verkty, inventar og materiell	kr 1 728 432	kr 1 299 545	kr 428 887	33,0 %	kr 1 161 036
Reparasjon og vedlikehald	kr 2 055 800	kr 2 095 546	-kr 39 746	-1,9 %	kr 2 146 525
Eksterne tenester	kr 672 522	kr 521 488	kr 151 034	29,0 %	kr 321 651
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 404 552	kr 637 636	-kr 233 084	-36,6 %	kr 387 910
Telefon, porto o.l.	kr 342 788	kr 338 365	kr 4 423	1,3 %	kr 283 124
Kostnad transportmidler	kr 6 414 944	kr 6 075 310	kr 339 634	5,6 %	kr 2 890 440
Reiser og diett	kr 479 296	kr 663 684	-kr 184 388	-27,8 %	kr 215 035
Sals og reklamekostnad	kr 562 936	kr 907 200	-kr 344 264	-37,9 %	kr 671 699
Kontingent og g�ve	kr 257 200	kr 210 777	kr 46 423	22,0 %	kr 199 016
Forsikring, garantikostnad	kr 162 246	kr 147 868	kr 14 378	9,7 %	kr 149 015
Andre driftskostnader	kr 157 796	kr 117 653	kr 40 143	34,1 %	kr 142 687
Tap o.l.	kr 1 563	kr 0	kr 1 563		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 63 178 957	kr 65 004 455	-kr 1 825 498	-2,8 %	kr 56 619 355
DRIFTSRESULTAT	kr 12 485 504	kr 620 358	kr 11 865 146	1912,6 %	kr 2 215 137
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 473 795	kr 376 446	kr 97 349	25,9 %	kr 506 805
Finanskostnader	kr 239 924	kr 211 804	kr 28 119	13,3 %	kr 271 123
NETTO FINANSPOSTAR	kr 233 871	kr 164 641	kr 69 230	42,0 %	kr 235 682
RES F�R SKATT	kr 12 719 376	kr 785 000	kr 11 934 376	1520,3 %	kr 2 450 819
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	kr 12 719 376	kr 785 000	kr 11 934 376	1520,3 %	kr 2 450 819

Verksemd

Rekneskap 2018

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Abonnement/gebyr	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer inn	kr 29 648 641	kr 24 872 000	kr 4 776 641	19,2 %	kr 23 048 401
Salsinntekt varer ut	kr 7 951 400	kr 6 037 035	kr 1 914 365	31,7 %	kr 5 813 365
Leigeinntekter	kr 2 849 088	kr 2 437 690	kr 411 399	16,9 %	kr 2 699 304
Andre driftsinntekter	kr 2 284 620	kr 28 100	kr 2 256 520	8030,3 %	kr 1 384 929
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 42 733 750	kr 33 374 825	kr 9 358 925	28,0 %	kr 32 946 000
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 657 470	kr 470 966	kr 186 504	39,6 %	kr 764 042
Handsaming av avfall	kr 4 209 099	kr 4 613 324	-kr 404 225	-8,8 %	kr 4 530 811
Steinuttak	kr 3 950 105	kr 2 458 000	kr 1 492 105	60,7 %	kr 2 125 236
Transport inn	kr 3 034 880	kr 2 170 000	kr 864 880	39,9 %	kr 3 515 541
Personalkostnader	kr 11 439 886	kr 12 478 065	-kr 1 038 178	-8,3 %	kr 10 672 204
Avskrivningar	kr 3 208 292	kr 3 923 208	-kr 714 916	-18,2 %	kr 3 072 405
Transport ut	kr 2 539 333	kr 2 059 614	kr 479 720	23,3 %	kr 2 257 873
Energi til produksjon	kr 568 322	kr 564 198	kr 4 124	0,7 %	kr 563 760
Kostnad lokale	kr 290 963	kr 280 777	kr 10 186	3,6 %	kr 235 288
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 14 322	kr 60 072	-kr 45 750	-76,2 %	kr 12 490
Verkty, inventar og materiell	kr 569 724	kr 543 745	kr 25 979	4,8 %	kr 511 467
Reparasjon og vedlikehald	kr 1 914 427	kr 2 186 872	-kr 272 445	-12,5 %	kr 2 170 629
Eksterne tenester	kr 299 851	kr 225 596	kr 74 255	32,9 %	kr 286 928
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 103 365	kr 117 796	-kr 14 432	-12,3 %	kr 78 747
Telefon, porto o.l.	kr 137 774	kr 135 954	kr 1 820	1,3 %	kr 129 213
Kostnad transportmidler	kr 1 322 133	kr 1 212 269	kr 109 863	9,1 %	kr 617 748
Reiser og diett	kr 129 148	kr 146 477	-kr 17 329	-11,8 %	kr 78 932
Sals og reklamekostnad	kr 62 548	kr 200 800	-kr 138 252	-68,9 %	kr 95 023
Kontingent og gåve	kr 114 676	kr 98 670	kr 16 006	16,2 %	kr 109 965
Forsikring, garantikostnad	kr 653 714	kr 531 220	kr 122 494	23,1 %	kr 528 762
Andre driftskostnader	kr 50 830	kr 25 815	kr 25 015	96,9 %	kr 39 717
Tap o.l.	kr 45 483	kr 100 000	-kr 54 517	-54,5 %	kr 94 858
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 35 316 345	kr 34 603 438	kr 712 907	2,1 %	kr 32 491 636
DRIFTSRESULTAT	kr 7 417 405	-kr 1 228 613	kr 8 646 018		kr 454 363
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 188 496	kr 146 019	kr 42 477	29,1 %	kr 248 376
Finanskostnader	kr 108 720	kr 105 407	kr 3 313	3,1 %	kr 125 428
NETTO FINANSPOSTAR	kr 79 777	kr 40 613	kr 39 164	96,4 %	kr 122 948
RES FØR SKATT	kr 7 497 182	-kr 1 188 000	kr 8 685 182		kr 577 311
Skattekostnad	kr 1 782 375	kr 0	kr 1 782 375		kr 190 764
RESULTAT ETTER SKATT	kr 5 714 807	-kr 1 188 000	kr 6 902 807		kr 386 547

Slam

Rekneskap 2018

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
Abonnement/gebyr	kr 7 695 245	kr 7 720 000	-kr 24 755	-0,3 %	kr 7 524 744
Salsinntekt varer inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Leieinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 7 695 245	kr 7 720 000	-kr 24 755	-0,3 %	kr 7 524 744
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Handsaming av avfall	kr 1 256 458	kr 1 272 000	-kr 15 542	-1,2 %	kr 1 242 000
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 6 235 179	kr 5 809 000	kr 426 179	7,3 %	kr 5 792 929
Personalkostnader	kr 651 550	kr 1 004 109	-kr 352 559	-35,1 %	kr 626 615
Avskrivningar	kr 26 952	kr 59 275	-kr 32 323	-54,5 %	kr 38 606
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Energi til produksjon	kr 9 404	kr 12 897	-kr 3 494	-27,1 %	kr 9 687
Kostnad lokale	kr 8 085	kr 10 020	-kr 1 935	-19,3 %	kr 7 540
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 361	kr 496	-kr 135	-27,3 %	kr 367
Verkty, inventar og materiell	kr 31 490	kr 44 421	-kr 12 931	-29,1 %	kr 29 397
Reparasjon og vedlikehald	kr 21 916	kr 32 417	-kr 10 501	-32,4 %	kr 34 367
Eksterne tenester	kr 17 643	kr 96 176	-kr 78 533	-81,7 %	kr 2 518
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 6 082	kr 9 623	-kr 3 541	-36,8 %	kr 4 624
Telefon, porto o.l.	kr 5 481	kr 6 573	-kr 1 091	-16,6 %	kr 5 156
Kostnad transportmidler	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Reiser og diett	kr 3 998	kr 3 026	kr 972	32,1 %	kr 3 434
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og g�ve	kr 6 748	kr 8 061	-kr 1 313	-16,3 %	kr 6 457
Forsikring, garantikostnad	kr 4 256	kr 5 655	-kr 1 399	-24,7 %	kr 4 834
Andre driftskostnader	kr 720	kr 794	-kr 74	-9,3 %	kr 987
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 8 286 324	kr 8 374 543	-kr 88 220	-1,1 %	kr 7 809 517
DRIFTSRESULTAT	-kr 591 078	-kr 654 543	kr 63 465	-9,7 %	-kr 284 773
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 10 647	kr 11 161	-kr 514	-4,6 %	kr 14 030
Finanskostnader	kr 913	kr 1 618	-kr 704	-43,5 %	kr 1 594
NETTO FINANSPOSTAR	kr 9 734	kr 9 543	kr 190	2,0 %	kr 12 436
RES F�R SKATT	-kr 581 345	-kr 645 000	kr 63 656	-9,9 %	-kr 272 337
Skattekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
RESULTAT ETTER SKATT	-kr 581 345	-kr 645 000	kr 63 656	-9,9 %	-kr 272 337

Bilvrak

Rekneskap 2018

	Rekneskap	Budsjett	Avvik frå budsj.	Prosentvis avvik	Rekneskap i fjor
DRIFTSINNTEKTER					
Abonnement/gebyr	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Salsinntekt varer ut	kr 2 181 146	kr 1 839 362	kr 341 785	18,6 %	kr 2 409 679
Leigeinntekter	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Andre driftsinntekter	kr 499 130	kr 0	kr 499 130		kr 0
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 2 680 276	kr 1 839 362	kr 840 914	45,7 %	kr 2 409 679
DRIFTSKOSTNADER					
Vareforbruk	-kr 8 000	kr 0	-kr 8 000		-kr 13 000
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Transport inn	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Personalkostnader	kr 1 330 813	kr 933 281	kr 397 532	42,6 %	kr 921 377
Avskrivningar	kr 487 542	kr 490 467	-kr 2 925	-0,6 %	kr 493 461
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Energi til produksjon	kr 111 075	kr 49 075	kr 62 000	126,3 %	kr 52 630
Kostnad lokale	kr 55 793	kr 45 313	kr 10 479	23,1 %	kr 48 206
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 737	kr 461	kr 276	59,8 %	kr 540
Verkty, inventar og materiell	kr 74 077	kr 66 288	kr 7 789	11,8 %	kr 43 226
Reparasjon og vedlikehald	kr 291 695	kr 146 165	kr 145 530	99,6 %	kr 144 374
Eksterne tenester	kr 36 037	kr 5 740	kr 30 297	527,8 %	kr 3 702
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 12 423	kr 8 945	kr 3 478	38,9 %	kr 6 799
Telefon, porto o.l.	kr 11 196	kr 6 109	kr 5 087	83,3 %	kr 7 581
Kostnad transportmidler	kr 9 794	kr 2 421	kr 7 373	304,6 %	kr 2 477
Reiser og diett	kr 8 166	kr 2 812	kr 5 354	190,4 %	kr 5 050
Sals og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
Kontingent og gåve	kr 13 782	kr 7 492	kr 6 290	84,0 %	kr 9 494
Forsikring, garantikostnad	kr 8 694	kr 5 256	kr 3 438	65,4 %	kr 7 108
Andre driftskostnader	kr 1 470	kr 738	kr 733	99,3 %	kr 1 451
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0		kr 0
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 2 445 295	kr 1 770 564	kr 674 731	38,1 %	kr 1 734 475
DRIFTSRESULTAT	kr 234 981	kr 68 798	kr 166 183	241,6 %	kr 675 204
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter	kr 21 747	kr 10 374	kr 11 373	109,6 %	kr 20 630
Finanskostnader	kr 16 521	kr 13 171	kr 3 350	25,4 %	kr 20 150
NETTO FINANSPOSTAR	kr 5 225	-kr 2 797	kr 8 022	-286,8 %	kr 480
RES FØR SKATT	kr 240 206	kr 66 000	kr 174 207	264,0 %	kr 675 684
Skattekostnad	kr 55 247	kr 0	kr 55 247		kr 162 164
RESULTAT ETTER SKATT	kr 184 959	kr 66 000	kr 118 959	180,2 %	kr 513 520



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27.05.19

Sak nr: 06/19

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Honorar til revisor

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2018 er sett til kr 50 000.

Budsjetterte kostnader for 2018 var kr 50 000.

Kostnaden for 2017 var kr 46 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 50 000.

Samrøystes tilrådd i styremøte 06.05.19



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27.05.19

Sak nr: 07/19

Sakshandsamar: H. Lysø

Godtgjersle til styre og representantskap

- Vedlegg:**
- NGIR sine gjeldande satsar for godtgjersle til styre og representantskap
 - Framlegg frå dagleg leiar til revidert regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap
 - Framlegg frå styret til revidert regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap
 - Oversikt over satsar for godtgjersler i andre avfallsselskap
 - Utdrag frå Lindås kommune sine retningsliner for "Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde"

Saksutgreiing

Hausten 2018 gjorde NGIR sitt representantskap vedtak om at "Godtgjersle til styre og representantskap" skal vera fast sak på NGIR sine årsmøte. Dette inneber ikkje eit vedtak om at satsane skal verta endra kvart år, men at saka skal verta vurdert. På denne måten sikrar ein at regulativet likevel vert vurdert med jamne mellomrom, og ein syt for at regulativet vert gjort kjent – både internt og eksternt.

Vidare gjorde representantskapet følgjande vedtak:

"Til årsmøtet våren 2019 vert det utarbeidd framlegg til revidert regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap. I framlegget vert det m.a. teke omsyn til tilsvarande retningsliner/satsar i andre avfallsselskap på Vestlandet, og retningsliner/satsar i NGIR sine eigarkommunar. Satsane for godtgjersle til styre og representantskap skal i framtida vera knytt til løn til stortingsrepresentantar, i staden for – som i dag – løn til dagleg leiar."

Godtgjersle til stortingsrepresentantane vert vedteke i juni kvart år, med verknad frå 1. mai. Det vil vera tenleg at NGIR sine satsar vert justert tilsvarende, men med verknad frå 1. juni.

Frå 01.05.18 er årleg løn til stortingsrepresentantar kr 956 463. Frå 01.05.18 årleg løn til dagleg leiar hjå NGIR kr 950 000.

Førre gong NGIR sitt regulativ for godtgjersle til styre og representantskap vart revidert, vart det gjort fylgjande vedtak:

Vedteke av representantskapet i sak 27/12, med verknad frå 01.01.13

Løn leiar i representantskapet:	3 % av dagleg leiar si løn
Løn styreleiar:	6 % av dagleg leiar si løn
Løn nestleiar i styret:	2 % av dagleg leiar si løn
Løn andre styremedlem:	1 % av dagleg leiar si løn *

1. vara i styret har same godtgjersle som eit ordinært styremedlem.

** Føreset 70 % frammøte.*

Ved å nytta desse prosentsatsane vidare, men relatert til løn for stortingsrepresentantar i staden til for løn til dagleg leiar hjå NGIR, vil dei ulike godtgjerslene auka med om lag 1 % (med 2018-tal).

Styret bør vurderer om dei vil tilrå endringar i prosentsatsane. Som det går fram av den vedlagte oversikta, har ulike avfallsselskap på Vestlandet valt ulike modellar for godtgjersler, både med omsyn til storleik på summene, og med omsyn til fordeling i høve dei ulike verva.

Det er ingen av dei andre avfallsselskapa som har valt å knyta møtegodtgjersla til eksterne parametarar. Viss NGIR ynskjer å knyta også denne godtgjersla til løna til stortingsrepresentantar, så vil 1 promille av denne løna gje ei godtgjersle om lag som i dag (kr 956, mot kr 1 000 i dag).

I ein del avfallsselskap er det eigarkommunane som betalar godtgjerslene til representantskapsleiaren og representantskapsmedlemmene. I 2009 drøfta styret om NGIR skulle endra sin praksis, på bakgrunn av eit brev frå kommunal- og regionaldepartementet. Styret meinte då at ordning med at NGIR dekkjer dette fungerte godt, og har låg kostnad. Ordninga sikrar i tillegg at ikkje t.d. ein liten kommune vegra seg mot å ha representantskapsleiaren, som følgje av at dette ville medføre ei høg kostnad.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak

Styret vil rå representantskapet til å gjera vedtak om revidert regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap, i samsvar med framlegget frå dagleg leiar.

NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap

Vedteke av representantskapet i sak 27/12, med verknad frå 01.01.13.

Løn leiar i representantskapet:	3 % av dagleg leiar si løn
Løn styreleiar:	6 % av dagleg leiar si løn
Løn nestleiar i styret:	2 % av dagleg leiar si løn
Løn andre styremedlem:	1 % av dagleg leiar si løn *

1. vara i styret har same godtgjersle som eit ordinært styremedlem.

** Føreset 70 % frammøte.*

Dagleg leiar si løn per januar 2013 er kr 700 000 per år.

Møtegodtgjersle styre og representantskap: Kr 1 000 per møte

Dekking av dokumentert **tapt arbeidsforteneste**: Etter skriftleg krav

Dekking av **utgifter til vikar**: Etter skriftleg krav

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med **tilsyn av born** under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekkja med inntil kr 600 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 200 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Reisegodtgjersle i samsvar med Staten sine satsar.

Retningslinjer for dekking av tapt arbeidsforteneste og dekking av utgifter i samband med utføring av verv hjå NGIR

Medlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre og representantskap har rett til å få dekka evt. tapt arbeidsforteneste eller utlegg til vikar eller utlegg til tilsyn med born, funksjonshemma og sjuke i samband med deltaking på møte, kurs, konferansar o.l. på vegne av selskapet, innanfor dei satsane som representantskapet har vedteke.

Tapt arbeidsforteneste / utlegg vert dekka etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har føreteke trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevja å få dekka utgifter til løn i den tida arbeidstakar har vore fråverande som følgje av deltaking på møte m.v. for NGIR.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt når tapet vert dokumentert med oppgåva frå firma.

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av born under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekka med inntil kr 600 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 200 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Tap og utlegg som det vert kravd dekking av må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt vert ikkje erstatta.

Krav om dekking av tap og utlegg må framsetjast skriftleg.

Dekking av tapt arbeidsforteneste og av utlegg kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Utbetaling av godtgjersle til styre og representantskap

Løn til representantskapsleiar, styreleiar, nestleiar og andre medlemmer i styret vert (automatisk) utbetalt i juni kvart år, basert på dei opplysningane NGIR har om kven som har vore i desse verva førre år.

Møtegodtgjersle til styremedlemmer og medlemmer i representantskapet vert (automatisk) utbetalt i juni og desember kvart år, basert på registrert frammøte førre halvår.

For å få utbetalt **reisegodtgjersle**, og for evt. å få dekka **tapt arbeidsforteneste** og **andre utgifter**, må styremedlemmene og representantskapsmedlemmene nytta NGIR sine skjema for dette. Av omsyn til revisjonen (og mogleg bokettersyn), er det særskilt viktig at alt vert korrekt fylt ut *av den som krev godtgjersle*. Reisegodtgjersle og dekking av tapt arbeidsforteneste/utgifter vert utbetalt ein gong per måned. Dersom nokon vel å samla opp fleire skjema før innlevering, er det likevel viktig at dei vert levert i god tid før utgangen av det kalenderåret dei gjeld for.

Framlegg frå dagleg leiar

NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap

Vedteke av representantskapet i sak 07/19, med verknad frå 01.06.19.

Løn leiar i representantskapet:	3 % av løn til stortingsrepresentantar
Løn styreleiar:	6 % av løn til stortingsrepresentantar
Løn nestleiar i styret:	2 % av løn til stortingsrepresentantar
Løn andre styremedlem:	1 % av løn til stortingsrepresentantar *

1. vara i styret har same godtgjersle som eit ordinært styremedlem.

* Føreset 70 % frammøte.

Løn til stortingsrepresentantar er kr 956 463 per år frå 01.05.18.

Godtgjersle til NGIR sitt styre og representantskap med verknad frå 01.06.19, vert rekna med utgangspunkt i løn til stortingsrepresentantar fastsett med verknad frå 01.05.19.

Møtegodtgjersle styre og representantskap: Kr 1 000 per møte

Dekking av dokumentert **tapt arbeidsforteneste**: Etter skriftleg krav

Dekking av **utgifter til vikar**: Etter skriftleg krav

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med **tilsyn av born** under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekkja med inntil kr 900 per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med kr 300 per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Reisegodtgjersle i samsvar med Staten sine satsar.

Retningslinjer for dekking av tapt arbeidsforteneste og dekking av utgifter i samband med utføring av verv hjå NGIR

Medlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre og representantskap har rett til å få dekka evt. tapt arbeidsforteneste eller utlegg til vikar eller utlegg til tilsyn med born, funksjonshemma og sjuke i samband med deltaking på møte, kurs, konferansar o.l. på vegne av selskapet, innanfor dei satsane som representantskapet har vedteke.

Tapt arbeidsforteneste / utlegg vert dekka etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har føreteke trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevja å få dekka utgifter til løn i den tida arbeidstakar har vore fråverande som følgje av deltaking på møte m.v. for NGIR.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt når tapet vert dokumentert med oppgåva frå firma.

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av born under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekka med inntil **kr 900** per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med **kr 300** per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Tap og utlegg som det vert kravd dekking av må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt vert ikkje erstatta.

Krav om dekking av tap og utlegg må framsetjast skriftleg.

Dekking av tapt arbeidsforteneste og av utlegg kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Utbetaling av godtgjersle til styre og representantskap

Løn til representantskapsleiar, styreleiar, nestleiar og andre medlemmer i styret vert (automatisk) utbetalt i juni kvart år, basert på dei opplysningane NGIR har om kven som har vore i desse verva førre år.

Møtegodtgjersle til styremedlemmer og medlemmer i representantskapet vert (automatisk) utbetalt i juni og desember kvart år, basert på registrert frammøte førre halvår.

For å få utbetalt **reisegodtgjersle**, og for evt. å få dekka **tapt arbeidsforteneste og andre utgifter**, må styremedlemmene og representantskapsmedlemmene nytta NGIR sine skjema for dette. Av omsyn til revisjonen (og mogleg bokettersyn), er det særskild viktig at alt vert korrekt fylt ut *av den som krev godtgjersle*. Reisegodtgjersle og dekking av tapt arbeidsforteneste/utgifter vert utbetalt ein gong per måned. Dersom nokon vel å samla opp fleire skjema før innlevering, er det likevel viktig at dei vert levert i god tid før utgangen av det kalenderåret dei gjeld for.

Framlegg frå styret

NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap

Vedteke av representantskapet i sak 07/19, med verknad frå 01.06.19.

Løn leiar i representantskapet:	3 % av løn til stortingsrepresentantar
Løn styreleiar:	6 % av løn til stortingsrepresentantar
Løn nestleiar i styret:	3 % av løn til stortingsrepresentantar
Løn andre styremedlem:	2 % av løn til stortingsrepresentantar *

1. vara i styret har same godtgjersle som eit ordinært styremedlem.

* Føreset 70 % frammøte.

Løn til stortingsrepresentantar er kr 956 463 per år frå 01.05.18.

Godtgjersle til NGIR sitt styre og representantskap med verknad frå 01.06.19, vert rekna med utgangspunkt i løn til stortingsrepresentantar fastsett med verknad frå 01.05.19.

Møtegodtgjersle styre og representantskap:	1,2 % av løn til stortingsrepresentantar per møte
--------------------------------------------	---------------------------------------------------

Dekking av dokumentert tapt arbeidsforteneste :	Etter skriftleg krav
--------------------------------------------------------	----------------------

Dekking av utgifter til vikar :	Etter skriftleg krav
----------------------------------------	----------------------

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med **tilsyn av born** under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekkja med inntil **kr 900** per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med **kr 300** per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Reisegodtgjersle i samsvar med Staten sine satsar.

Retningslinjer for dekking av tapt arbeidsforteneste og dekking av utgifter i samband med utføring av verv hjå NGIR

Medlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre og representantskap har rett til å få dekka evt. tapt arbeidsforteneste eller utlegg til vikar eller utlegg til tilsyn med born, funksjonshemma og sjuke i samband med deltaking på møte, kurs, konferansar o.l. på vegne av selskapet, innanfor dei satsane som representantskapet har vedteke.

Tapt arbeidsforteneste / utlegg vert dekka etter skriftleg krav når arbeidsgjevar har føreteke trekk i løn. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevja å få dekka utgifter til løn i den tida arbeidstakar har vore fråverande som følgje av deltaking på møte m.v. for NGIR.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt når tapet vert dokumentert med oppgåva frå firma.

Ekstraavgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av born under 12 år, funksjonshemma og sjuke, vert dekka med inntil **kr 900** per dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire born/personar, aukar satsen med **kr 300** per dag per barn/person. Alderen på borna, og at tilsynet har funne stad, må dokumenterast.

Tap og utlegg som det vert kravd dekking av må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt vert ikkje erstatta.

Krav om dekking av tap og utlegg må framsetjast skriftleg.

Dekking av tapt arbeidsforteneste og av utlegg kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Utbetaling av godtgjersle til styre og representantskap

Løn til representantskapsleiar, styreleiar, nestleiar og andre medlemmer i styret vert (automatisk) utbetalt i juni kvart år, basert på dei opplysningane NGIR har om kven som har vore i desse verva førre år.

Møtegodtgjersle til styremedlemmer og medlemmer i representantskapet vert (automatisk) utbetalt i juni og desember kvart år, basert på registrert frammøte førre halvår.

For å få utbetalt **reisegodtgjersle**, og for evt. å få dekka **tapt arbeidsforteneste og andre utgifter**, må styremedlemmene og representantskapsmedlemmene nytta NGIR sine skjema for dette. Av omsyn til revisjonen (og mogleg bokettersyn), er det særskilt viktig at alt vert korrekt fylt ut *av den som krev godtgjersle*. Reisegodtgjersle og dekking av tapt arbeidsforteneste/utgifter vert utbetalt ein gong per måned. Dersom nokon vel å samla opp fleire skjema før innlevering, er det likevel viktig at dei vert levert i god tid før utgangen av det kalenderåret dei gjeld for.

19 Arbeidsvilkår og godtgjersle for folkevalde

19.1 Føremål

Reglementet har til føremål å sikra folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av vervet, jfr. Kommuneleva §§41 og 42.

Alle summar skal justerast årleg i samsvar med fastsetjing av godtgjersle for ordførar som igjen vert fastsett i forhold til lønn for stortingsrepresentant.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle skal minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår for kommunen.

19.2 Kommunestyret, formannskapet og faste utval.

Kommunestyre-, formannskap- og faste utvalmedlemmer, har rett til møtegodtgjersle på 1,5 % av ordførar sin godtgjersle pr. møte.

Medlem eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne har rett til møtegodtgjersle på 1% av ordførar sin godtgjersle pr. møte.

Dersom det vert halde andre møter same dag som kommunestyremøtet (hovudmøtet), vert det utbetalt møtegodtgjersle etter timesats for møte 2 osb.

19.3 Fast godtgjersle for leiar av utval.

- | | |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------------------|
| 1. Leiar for plan- og miljøutvalet | 10 % av ordførargodtgjersla pr. år. |
| 2. Leiar for levekårsutvalet | 7,5 % av ordførargodtgjersla pr. år. |
| 3. Leiar for kontrollutvalet | 5 % av ordførargodtgjersla pr. år. |
| 4. Leiar eldreråd | 2 % av ordførar sin godtgjersle pr. møte. |
| 5. Leiar for råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 2 % av ordførar sin godtgjersle pr. møte. |
| 6. Leiar for takstnemnd eigedomsskatt | 2 % av ordførar sin godtgjersle pr. møte. |
| 7. Leiar for klagenemnd for eigedomsskatt | 2 % av ordførar sin godtgjersle pr. møte. |

Godtgjersle til leiaren skal dekkja alt arbeid som fell inn under utvalet, td. synfaringar, utvalsmøta, førebuing til møta og mindre konferansar som leiaren måtte ha. For arbeid som fell utanom dette, skal leiaren ha godtgjersle etter pkt. 3.

Ved fråvær på minst 20%, vert godtgjersla redusert tilsvarande for dei som har fast godtgjersle.

19.4 Godtgjersle andre kommunale / interkommunale styrer, nemnder og utval mm.

Valde medlemmer med varamedlemmer i andre kommunale / interkommunale styre, nemnder og utval, og kommunale representantar i private styre og ved representasjon etter avtale med ordførar, har rett til godtgjersle i form av ein timesats på 0,24 ‰ av ordførar si godtgjering pr. time, inntil 1,5 ‰ av ordførar sin godtgjersle pr. døgn, dersom det ikkje vert utbetalt anna godtgjersle.

Godtgjersle / tapt arbeidsforteneste utanom dei faste møta vert utbetalt etter krav på eige skjema. Det skal fyllast ut eit skjema for kvart møte.

19.5 Godtgjersle til gruppeleiar

Gruppeleiar skal ha godtgjersle rekna ut av ein partidel og ein representantdel. Gruppeleiarar får ein stønad (partidel) på 1 ‰ av ordførar si godtgjersle, og 2,6 promille av ordførar si godtgjersle pr. representant i gruppa (representantdel).

Eksempel ordførargodtgjersle (kr 900 000 x 1 ‰ =) kr 9 000,- pr. parti + (kr. 900 000,- x 2,6 ‰) = 2 340,- pr. representant. Høgre har 4 representantar i KO 2 340,- x 4 = 9 360,- + 9 000,- Godtgjersle gruppeleiar Høgre pr. år vert då kr. 18 360,-

I tillegg kjem godtgjersle på lik linje med andre kommunestyrerepresentantar.

19.6 Vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Medlemmer og varamedlemmer i kommunestyre, formannskap, komitear og kommunale / interkommunale styre og utval, har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når arbeidsgjevar har føreteke trekk i lønn, eller for utlegg til vikar.

Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Sjølvsendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt + sosiale utgifter av kompensert beløp, når tapet er dokumentert med oppgåva frå firma. Inntektstap vert dekka for inntil 7,5 t.pr. døgn.

Dette kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje brutto utgifter til løn frå kommunen.

Tap og utlegg må kunne dokumenterast, og må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt blir ikkje erstatta.

Retten til vederlag for tapt arbeidsforteneste gjeld og rimeleg kviletid for skiftarbeid / turnusarbeid.

19.7 Utgifter i samband med pass av barn under 12 år, funksjonshemma og sjuke.

Legitimerte ekstrautgifter som er naudsynte i samband med tilsyn av barn under 12 år, funksjonshemma og sjuke vert dekkja med inntil kr. 900,- pr. dag for 1 barn/person. Gjeld tilsynet fleire barn / personar aukar satsen kr. 300,- pr. dag pr. barn/person. Alderen på borna og at tilsynet har funne stad, skal dokumenterast.

19.8 Telefonutgifter

Det blir godkjent følgjande dekning av telefonutgifter:

- Ordførar og varaordførar Tenestemobil
- Utvalsleiar kr 2.000,- pr. år
- kommunestyremedlemmar: kr 750,- pr. år
- leiar eldreråd kr 750,- pr. år
- leiar råd for menneske med nedsett funksjonsevne kr 750,- pr. år.

Utvalsleiar kan få tenestemobil etter søknad til formannskapet.

19.9 Køyregodtgjersle

Køyregodtgjersle blir utbetalt etter statens regulativ.

19.10 Godtgjersle til ordføraren og varaordføraren

Ordføraren sin godtgjersle skal vera ein faktor av godtgjersla til stortingsrepresentantane = 1,21.

Ordføraren er frikjøpt i 100% og varaordføraren får 40 % godtgjersle. Ordføraren får 100% godtgjersle og varaordføraren får 40 % godtgjersle. Dei får si godtgjering

utbetalt i 12 like store delar gjennom året, og får ikkje feriepengar. Ordføraren og varaordføraren har ikkje krav på godtgjersle for verv i kommunale organ.

Ordføraren og varaordføraren er dekkja av dei til ein kvar tid gjeldande reglar for tilsette i Lindås kommune i høve til sjukepengar, forsikrings og pensjonsordningar.

Ordføraren har krav på ettergodtgjersle ved utløp av valperioden i inntil 3 mnd. Ettergodtgjersle opphøyrer når vedkomande trer inn i ny eller eksisterande stilling.

Godtgjersle vert justert årleg i samband med stortingsrepresentantane sin godtgjersle, gjeldande frå 1. mai.

19.11 Lønsfastsetjing for rådmann

Lønn til rådmannen skal forhandlast av eit forhandlingsutval der ordførar og to andre representantar, utpeikt av og frå formannskapet, er med. Forhandlingsresultatet går som informasjon til formannskapet, og står som informasjon i årsmeldinga for Lindås kommune.

	NGIR	SIM	FjellIVAR	NOMIL	IVAR	IHM	SUM	SIMAS	HIM
Innbyggertall:	35 158	59 484	22 675	47 930	313 434	21 420	28 149	32 424	58 746
Driftsinntekter 2017:	101 715 000	98 096 000	115 443 000	52 278 000	685 477 000	66 489 000	43 770 000	69 795 000	104 998 000
Driftsinntekt per person:	2 893	1 649	5 091	1 091	2 187	3 104	1 555	2 153	1 787
Løn leiar i representantskapet:	3% av dagleg leiar si løn	kommunen betaler	har ikke rep.skap	3 000	4% av adm.dir		6 822	-	-
Løn styreleiar:	6% av dagleg leiar si løn	6,24% av stortingsrepresentantar	56 000	20 000	6% av adm.dir	90% av grunnbeløp	47 499	70 000	50 000
Løn nettleiar i styret:	2% av dagleg leiar si løn	3,12% av stortingsrepresentantar	39 000		3% av adm.dir	30% av grunnbeløp	11 303	15 000	20 000
Løn andre styremedlm:	1% av dagleg leiar si løn	1,65% av stortingsrepresentantar	33 000		3% av adm.dir		6 822	5 300	15 000
Løn rep. Medlemmer:					0,15% per møte av adm.dir				
Løn varamedlemmer:					0,3% per møte av adm.dir				
Løn klageutvalg:							2 000		
Møtegodtgjersle medlem:	1000 per møte	1000 per møte		800 per møte		1100 per møte	1432 per møte	1100 per møte	1000 per møte
Møtegodtgjersle vara:								1600 per møte	1000 per møte
Dokumentert tapt arbeidsfortjeneste:							opp til 2397	opp til 2300	opp til 2200
Udokumentert tapt arbeidsfortjeneste:							opp til 1587	opp til 1200	
Reisegodjersle:				Statens regulativ			Statens regulativ		Statens regulativ
Barnepass:							200/time, opp til 1200		
Løn leiar i representantskapet:	28 500	kommunen betaler		3 000	69 717		6 822	ingenting	
Løn styreleiar:	57 000	59 683	56 000	20 000	104 575	87 195	47 499	70 000	50 000
Løn nettleiar i styret:	19 000	29 842	39 000		52 288	29 065	11 303	15 000	20 000
Løn andre styremedlm:	9 500	15 782	33 000		52 288		6 822	5 300	15 000
Løn rep. Medlemmer					2 614				
Løn varamedlemmer					5 229				
Løn klageutvalg							2 000		
Møtegodtgjersle medlem:	1000 per møte	1000 per møte		800 per møte		1100 per møte	1 432	1 100	1 000
Møtegodtgjersle vara:								1 600	1 000
Dokumentert tapt arbeidsfortjeneste							2 397	2 300	2 200
Udokumentert tapt arbeidsfortjeneste						opp til 2200	1 587	1 200	
Reisegodjersle							Statens regulativ		Statens regulativ
Barnepass							200/time opp til 1200		
Referanse	950 000	956 463			1 742 924	96 883			

Tilleggsinformasjon:

Generalforsamling som bestemmer (generalforsamling = ordfører fjell kommune). Endret en gang (i 2008) siden oppstart i 2003.

4 møter i året gir 6000 i pluss

Hadde anled av DL lønn før, men har endret det

ingenting til rep. Det er ordførerne som er i repskapet.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27.05.19

Sak nr: 08/19

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

Vedlegg: Retningslinjer for valnemnda
Oversyn over styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR
Oversyn over kva kommunar styremedlemmer, varamedlemmer, styreleiar og nestleiar i styret har vore frå i perioden 2009-d.d.

Sakutgreiing

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2019)
Ragnhild Tykhelle Langøy, Austrheim (2019)
Helge Fjellanger, Lindås (2020)
Kristin Handeland, Fedje (2020)
Martin Soltveit, Radøy (2020)

Varamedlemmer:

1. vara: Kariann Ekren, Masfjorden (2019)
2. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2019)
3. vara: Sissel Kråkås, Solund (2019)

I tillegg har dei tilsette hjå NGIR valt Henrik Kjøpstad som styremedlem for 2 år frå juni 2018.

I NGIR sine vedtekter, § 13, står følgjande om samansetjinga av styret:

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett.

Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet.

Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finne stad.

Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vera medlem eller varamedlem i styret.

Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:

- Personlege kvalifikasjonar for oppgåva*
- Kontinuitet i styrearbeidet*
- At likestillingsloven sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval m.v. skal følgjast*
- Geografisk fordeling i NGIR-regionen **

** Eitt styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen Lindås.*

På konstituerande møte 14.03.16 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2015-2019:

Hardy Pedersen (Austrheim)

Nina Stabell Øvreås (Lindås)

Egil Kvingedal (Masfjorden)

Varamedlemmer vert:

Linne Lending (Solund) – 1. vara

Ingmar Stuberg (Fedje) – 2. vara

Valnemnda valde i sitt første møte Nina Stabell Øvreås til leiar, og Hardy Pedersen til nestleiar.

Valnemnda si vurdering før NGIR sitt årsmøte 2019

Valnemnda har hatt samtaler med dagleg leiar og med styreleiar om kva som skal til for å få til eit godt styre. Styret fungerer godt no, men manglar kanskje litt breiare kompetanse. På bakgrunn av dette vil valnemnda behalda styret, men få inn Øyvind Bratshaug som 1. vara. Han er i dag leiar for A2G, og har god kompetanse.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 27.05.19:

Styremedlemmer:

Ottar Skjelvik, Meland (2021)

Ragnhild Tykhelle Langøy, Austrheim (2021)

Helge Fjellanger, Lindås (2020)

Kristin Handeland, Fedje (2020)

Martin Soltveit, Radøy (2020)

Varamedlemmer:

1. vara: Øyvind Bratshaug, Meland (2020)

2. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2020)

3. vara: Kariann Ekren, Masfjorden (2020)

Retningslinjer for valnemnda for representantskapet i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Sist revidert av representantskapet 29.10.12

1. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. Valnemnda vert valt av representantskapet, blant representantskapet sine medlemmer, på konstituerande møte.
2. Valnemnda skal gje innstilling til representantskapet om følgjande val (jf. vedtektene til NGIR, §§ 8, 9, 10, og 13):
 - Val av leiar og nestleiar i representantskapet
 - Val av valnemnd
 - Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
 - Val av leiar og nestleiar i styret
 - Eventuelle andre valInnstilling frå valnemnda skal sendast ut saman med sakspapir minst 14 dagar før møte i representantskapet.
3. Til konstituerande møte for nytt representantskap førebur sitjande valnemnd dei val som er nemnt i dei to første strekpunkt i punkt 2. Ny valnemnd førebur val etter strekpunkt tre og fire i punkt 2 til representantskapet sitt årsmøte.
4. Medlemmer og varamedlemmer i valnemnda vert valde for 4 år, og har funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny valnemnd. Valnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
5. Leiar og nestleiar i representantskapet vert og valde for 4 år, med same valperiode som representantskapet. Funksjonstida er fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny leiar og nestleiar.
6. Valperioden til styremedlemmene er 2 år. For å unngå utskifting av heile styret samstundes, skal vekselvis 2 og 3 medlemmer, med varamedlemmer, stå på val kvart år. Leiar og nestleiar i styret vert valt for eitt år.
7. Styret skal ha det tal medlemmer og varamedlemmer, og den samansetjing, som står i vedtektene til NGIR, § 13.
8. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem eller varamedlem i styret. Vert medlem av representantskapet valt inn i styret, kan vararepresentant rykkje inn i representantskapet, og kommunen velja nytt varamedlem.
9. Valnemnda har plikt til å spørja aktuelle kandidatar før dei vert innstilt til val eller attval.
10. Administrasjonen i NGIR er sekretær for valnemnda, og kallar saman valnemnda i god tid før representantskapet skal føreta dei aktuelle val.

Representantskapet kan gjera vedtak om endring av retningslinjer for valnemnda.

Sitjande styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR

Helge Fjellanger

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Styreleiar frå 2012 – d.d.

Ottar Skjelvik

Styremedlem frå 2005 – d.d.

Nestleiar i styret frå 2012 – d.d.

Kristin Handeland

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Martin Soltveit

Styremedlem frå 2016 – d.d.

Varamedlem i styret frå 2012 – 2016 (2. vara frå 2012, 1. vara frå 2014)

Ragnhild Tykhelle Langøy

Styremedlem frå 2017 – d.d.

Kariann Ekren

Varamedlem i styret frå 2016 – d.d. (1. vara frå 2016)

Kjetil Eikefet

Varamedlem i styret frå 2014 – d.d. (3. vara frå 2014, 2. vara frå 2017)

Sissel Kråkås

Varamedlem i styret frå 2017 – d.d. (3. vara frå 2017)

Henrik Kjøpstad

Tilsettrepresentant frå 2018– d.d.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 27.05.19

Sak nr: 09/19

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av leiar og nestleiar i styret

Sakutgreiing

Syner til sak 08/19.

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Helge Fjellanger, Lindås, styreleiar

Ottar Skjelvik, Meland, nestleiar

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvald som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvald som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.